



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 148/24 | Formannskapet | 25.11.2024 |

Ny sak om reviderte vedekter for SFO

Samandrag:

Samandrag:

Etter ny opplæringslov, gjeldande frå 01.08.2024, skal kommunane utarbeide lokal forskrift for 5 ulike område. Eitt av desse områda gjeld lokal forskrift for skulefritidsordninga, etter § 4-5 i opplæringslova.

I sitt framlegg til lokal forskrift for skulefritidsordninga og sakshandsaminga til denne, har administrasjonen teke omsyn den utfordrande, økonomiske situasjonen både kommunen og sektoren er i. Ein ser seg såleis nøydde til å tilrå å sende ut på høyring ei forskrift som legg opp til store endringar i ordninga frå 1. mars.

Kommunen har, etter § 37 i forvaltningslova, plikt til å sende framlegg til lokale forskrifter ut på høyring til partar som forskrifta gjeld for eller vedkjem i særleg grad. Administrasjonen ser føre seg ein høyringsfrist på seks veker. Slik får ein fremja saka for endeleg handsaming i kommunestyret februar 2025 og dei nye vedtektene vert gjeldande frå 1. mars same år.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren rår formannskapet til å sende framlegget til ny, lokal forskrift for skulefritidsordninga på Hareid ut på høyring slik den ligg føre frå administrasjonen, etter § 37 i forvaltningslova. Formannskapet set fristen for høyringssvar til 6 veker, etter utredningsinstruksen kap. 3-3, gjeldande frå 25.11.2024.

Saksopplysningar:

Hareid kommune hadde saka til handsaming i kommunestyret 20.06.2024, men fann ikkje å kunne gå for nokon av dei føreslegne alternativa til forskrift då. Kommunen styrer dermed etter dei gamle vedtektene, noko opplæringslova opnar for, jf. overgangsordningane i § 30-2. Dette gjeld fram til Kongen fastset noko anna.

Saka har no fått ny aktualitet, ettersom Hareid har blitt Robek-kommune og ein må sjå etter mogelege vegar å drive kommunen rimelegare. Ettersom kommunen, så langt, har sett seg råd til å drifte eit sfo-tilbod som går langt ut over det lova krev, ser administrasjonen det som ein naturleg stad å byrje.

Opplæringslova krev at kommunen skal ha eit sfo-tilbod dei 190 skuledagane skulen er open. Det vil altså seie at det ikkje er noko krav at ein skal ha ope i nokon av feriane. Dette vil heller ikkje Hareid kommune ha råd til framover, særleg ikkje etter at gratis kjernetid no også skal omfatte 3.klassingane, slik at dette no er eit tilbod for alle i 1.-3. klasse. Om kommunen har eit sfo-tilbod i feriane, skal retten til gratis kjernetid også kunne nyttast då. Dette fører allereie til store økonomiske konsekvensar for kommunen, ettersom det store fleirtalet av desse no klarer seg med dei 12 timane som er gratis og vel å nytte seg av det, som ein kan sjå av tabellen nedanfor:

| Skule | Heil plass | | Halv plass | | Gratisplass |
|-------------|------------|----|------------|----------------|-------------|
| | 1.-3. | 4. | | 1.-3. (gratis) | 4. |
| Bigset | 25 | 0 | 18 | 2 | 2 |
| Hjørungavåg | 12 | | 12 | | |
| Hareid | 20 | | 73 | | |
| Samla | 57 | 0 | 105 | 2 | 2 |

Av tabellen kan ein sjå at det er heimane til 59 elevar, i lag med kommunen og statlege overføringar som skal dekkje kostnadane kommunen har med å drive skulefritidsordninga i kommunen. Om ein held moderasjonsordningane unna ei utrekning av kva inntekter kommunen har på tilbodet, med dei satsane ein har i dag, ville det sjå slik ut:

| Satsar 2024 (11 mnd.) | 1.-3. halv plass (105) | 1.-3. heil plass (57) | 4. halv plass (2) | 4. heil plass (0) | Mat (166) | Sum inntekter |
|-----------------------|------------------------|-----------------------|-------------------|-------------------|-----------|---------------|
| 3260/2440/820 | 0 | 514.000 | 4900 | 0 | 400.000 | 914.000 |

I samband med regjeringa si kunngjering om gratis kjernetid også for 3.klassingane, følgde det med ein lovnad om 856 millionar i auka overføringar til kommunane i 2024 for å finansiere satsinga. Det har ikkje lukkast administrasjonen å definere kor mykje dette utgjer i auka inntekter for kommunen, men ettersom folketalet på Hareid utgjer ein knapp promille av folketalet i Noreg, kan ein rekne med at kommunen sin del av denne potten vil utgjere ein stad rundt 600.000 kroner. Til saman står ein såleis att med potensielle inntekter i 2024 på rundt 1,5 millionar kroner.

Utgiftene til løn og drift, åleine for sektor for læring og kultur, ser dette året til å bli på rundt 5,7 millionar. Det er dermed eit vesentleg gap mellom inntekter og utgifter med det tilbodet vi har i dag. Dette vil ein kunne bøte noko på med ei moderat justering av satsane i 2025, men ein auke på meir enn rundt 500.000,- skal ein ikkje rekne med, som ein kan sjå av tabellen nedanfor. Her har vi også korrigert for det som må ha vore ein reknefeil i budsjettarbeidet i 2023, slik at halv plass i 2025 betaler for 50% av full plass og ikkje 25%, slik det er i dag:

| Satsar 2025 (10 mnd.) | 1.-3. halv plass (105) | 1.-3. heil plass (57) | 4. halv plass (2) | 4. heil plass (0) | Mat | Sum inntekter |
|-----------------------|------------------------|-----------------------|-------------------|-------------------|---------|---------------|
| 3600/2700/1800 | 0 | 1.026.000 | 5400 | 0 | 400.000 | 1.431.000 |

Vurdering og konklusjon:

Saksopplysningar:

Hareid kommune hadde saka til handsaming i kommunestyret 20.06.2024, men fann ikkje å kunne gå for nokon av dei føreslegne alternativa til forskrift då. Kommunen styrer dermed etter dei gamle vedtektene, noko opplæringslova opnar for, jf. overgangsordningane i § 30-2.

Dette gjeld fram til Kongen fastset noko anna.

Saka har no fått ny aktualitet, ettersom Hareid har blitt Robek-kommune og ein må sjå etter moglege vegar å drive kommunen rimelegare. Ettersom kommunen, så langt, har sett seg råd til å drifte eit sfo-tilbod som går langt ut over det lova krev, ser administrasjonen det som ein naturleg stad å byrje.

Opplæringslova krev at kommunen skal ha eit sfo-tilbod dei 190 skuledagane skulen er open. Det vil altså seie at det ikkje er noko krav at ein skal ha ope i nokon av feriane. Dette vil heller ikkje Hareid kommune ha råd til framover, særleg ikkje etter at gratis kjernetid no også skal omfatte 3.klassingane, slik at dette no er eit tilbod for alle i 1.-3. klasse. Om kommunen har eit sfo-tilbod i feriane, skal retten til gratis kjernetid også kunne nyttast då. Dette fører allereie til store økonomiske konsekvensar for kommunen, ettersom det store fleirtalet av desse no klarer seg med dei 12 timane som er gratis og vel å nytte seg av det, som ein kan sjå av tabellen nedanfor:

| Skule | Heil plass | | Halv plass | | Gratisplass |
|-------------|------------|----|------------|----------------|-------------|
| | 1.-3. | 4. | | 1.-3. (gratis) | 4. |
| Bigset | 25 | 0 | 18 | 2 | 2 |
| Hjørungavåg | 12 | | 12 | | |
| Hareid | 20 | | 73 | | |
| Samla | 57 | 0 | 105 | 2 | 2 |

Av tabellen kan ein sjå at det er heimane til 59 elevar, i lag med kommunen og statlege overføringar som skal dekkje kostnadane kommunen har med å drive skulefritidsordninga i kommunen. Om ein held moderasjonsordningane unna ei utrekning av kva inntekter kommunen har på tilbodet, med dei satsane ein har i dag, ville det sjå slik ut:

| Satsar 2024 (11 mnd.) | 1.-3. halv plass (105) | 1.-3. heil plass (57) | 4. halv plass (2) | 4. heil plass (0) | Mat (166) | Sum inntekter |
|--------------------------|------------------------------|--------------------------|-------------------------|-------------------------|-----------|------------------|
| 3260/2440/820 | 0 | 514.000 | 4900 | 0 | 400.000 | 914.000 |

I samband med regjeringa si kunngjering om gratis kjernetid også for 3.klassingane, følgde det med ein lovnad om 856 millionar i auka overføringar til kommunane i 2024 for å finansiere satsinga. Det har ikkje lukkast administrasjonen å definere kor mykje dette utgjer i auka inntekter for kommunen, men ettersom folketalet på Hareid utgjer ein knapp promille av folketalet i Noreg, kan ein rekne med at kommunen sin del av denne potten vil utgjere ein stad rundt 600.000 kroner. Til saman står ein såleis att med potensielle inntekter i 2024 på rundt 1,5 millionar kroner.

Utgiftene til løn og drift, åleine for sektor for læring og kultur, ser dette året til å bli på rundt 5,7 millionar. Det er dermed eit vesentleg gap mellom inntekter og utgifter med det tilbodet vi har i dag. Dette vil ein kunne bøte noko på med ei moderat justering av satsane i 2025, men ein auke på meir enn rundt 500.000,- skal ein ikkje rekne med, som ein kan sjå av tabellen nedanfor. Her har vi også korrigert for det som må ha vore ein reknefeil i budsjettarbeidet i 2023, slik at halv plass i 2025 betaler for 50% av full plass og ikkje 25%, slik det er i dag:

| Satsar 2025 (10 mnd.) | 1.-3. halv plass (105) | 1.-3. heil plass (57) | 4. halv plass (2) | 4. heil plass (0) | Mat | Sum inntekter |
|--------------------------|------------------------------|--------------------------|-------------------------|-------------------------|---------|------------------|
| 3600/2700/1800 | 0 | 1.026.000 | 5400 | 0 | 400.000 | 1.431.000 |

Vurdering og konklusjon:

Sjølv med ei justering av full pris og større justering av prisen for halv plass, blir likevel ikkje dei samla inntektene særleg større enn rundt 2 millionar, då medrekna auke i overføringane frå staten. Det er dermed framleis eit stykke fram til dei stipulerte utgiftene på 5,7 millionar til løn og drift som sektor for læring og kultur har med ordninga.

Det store grepet, som kan redusere gapet mellom inntekter og utgifter, blir dermed å gjere endringar i den nye forskrifta for skulefritidsordninga som gjer vesentlege utslag i behovet for stillingar i sfo-tilbodet. I sitt framlegg til ny lokal forskrift, går difor administrasjonen inn for ei skulefritidsordning der dei viktigaste endringane frå gjeldande vedtekt er som følgjer:

- Skulefritidsordninga på Hareid følgjer skuleåret sine 190 skuledagar og held dermed ikkje ope i nokon av feriane

- Opningstidene vert redusert frå dagens ordning frå 07.00-16.30, minus tida dei er på skule, til å halde ope frå 07.30-15.30
- Etter avtale med rektor, kan det vere høve til å avtale behov for einskildtimar, utover avtalt tid/opningstid, når det er behov for det eller uføresette situasjonar oppstår.

Slik administrasjonen la fram i sak 51/24 - 24/4680 - Reviderte vedtekter – SFO, i kommunestyret 20.06.2024, viser utrekningar at forventa innsparingar med å berre halde ope skulefritidsordninga i 38 veker/190 skuledagar vil utgjere 909.000. Vidare vil redusert opningstid utgjere ei innsparing på 1.575.000. Til saman vert dette ei innsparing avrunda til 2,5 millionar. Vi står då att med ein økonomisk situasjon rundt skulefritidsordninga på Hareid som ser, om lag slik ut (i millionar kroner):

| Inntekter | | Utgifter, l&k | | Over-/underskot drift av sfo |
|-------------------------------------|------------------|---------------|-----|------------------------------|
| Statlege overf. | 0,6 | Løn | 5,5 | |
| Gebyr sfo | 1,0 | Drift | 0,2 | |
| Matpengar | 0,4 | | | |
| Sparte lønsutgifter (heilårseffekt) | 2,5/1,9 (75%) | | | |
| SUM | 4,5/3,9 (75%) | | 5,7 | - 1,2/- 1,8 (75%) |

Med tiltaka administrasjonen har gjort greie for i saka, står ein dermed likevel att med ei underfinansiering av skulefritidsordninga i kommunen, men ein vil då ha redusert underfinansieringa med rundt 3 millionar, til underskot i drifta av sfo til -1,2 millionar. Ein gjer merksam på at tiltaka ein vil kunne gjennomføre med det vedlagde framlegget til ny, lokal forskrift for skulefritidsordninga ikkje vil få heilårseffekt på innsparinga reduserte opningstider og feriestenging vil føre til, då forskrifta må ut på høyring i 2 månader, slik at den tidlegast vil vere klar til endeleg politisk handsaming i kommunestyret sitt møte i februar, kunne realitetshandsamast der og gjerast gjeldande frå 01.03.2025.

I framlegget til forskrift har administrasjonen vald å gå for eit alternativ som har fokus på barnet. Med dette framlegget får barna eit tilbod ved sin skule, alle dagane skulen er open. Vi ser det openberre i at dei føresette vil få ein meir krevjande kvardag med å rekke å hente og bringe sine elevar til og frå skulefritidsordninga og kome seg til og frå arbeid i tide.

Administrasjonen ser likevel ikkje at kommunen, med den skulestrukturen vi har, har økonomi til å drive eit dyrare tilbod enn dette i dag.

Administrasjonen ventar elles med vurderingane kring grupper saka har konsekvensar for til saka har vore på høyring og kommenterer dette då, før saka skal til endeleg handsaming politisk.

Instruks om utredning av statlege tiltak (utredningsinstruksen), seier i kap. 3-3 at høyringsfristen normalt skal vere på tre månadar, og ikkje mindre enn seks veker.

Administrasjonen vurderer at 6 veker vil vere tilstrekkeleg for å uttale seg for dei saka vedkjem. Slik vil administrasjonen også nå å sjå på høyringssvara som kjem inn, før handsaming i møta til levekårsutvalet, formannskapet og kommunestyret i januar og februar. For å sikre god involvering og ein open og god prosess rundt høyringa, vil sektor for læring og kultur ta initiativ til høyringsmøte med FAU på dei tre kommunale barneskulane.

Bent Arild Grytten
Kommunedirektør

Helge Hamre
Kommunalsjef læring og kultur